



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap

PRESSEMELDING

Aurland/ Geiranger 7. juni 2017.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har som si fremste oppgåve å arbeide for å ivareta og fremje verdsarvstatusen tildelt Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet i fellesskap. Rådet skal sikre samordning og medverke til naudsynt informasjonsutveksling mellom lokale, regional og nasjonale aktørar i dei to delområda. Rådet har som målsetjing å vere ein viktig arena for drøfting, rådgjeving og avklaring i saker for oppfylgning av verdsarvstatusen. Vestnorsk fjordlandskap representert ved Geirangerfjorden- og Nærøyfjorden med omland vart i 2005 innskrevet på UNESCO si liste over verdas natur- og kulturarv – sjå www.verdensarv.com

Ein milepæl for forvaltninga av verdsarvfjordane

Representantar for verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap hadde sist veke møte med Sjøfartsdirektoratet for gjennomgang og utdjuing av deira rapport «Utslipp til luft og sjø frå skipsfart i fjordområder med store cruisetraffikk». Verdsarvrådet er svært nøgd med at det no er gjennomført ei kartlegging som gir grunnlag for ein fakta- og kunnskapsbasert diskusjon av tilhøva i verdsarvfjordane. Kunnskapen gjer det enklare å ta stilling til kva tiltak som bør iverksetjast, og difor er rapporten er eit godt grunnlag for å få på plass konkrete tiltak som kan betre forvaltninga av verdsarvfjordane.

Verdsarvrådet er elles svært godt nøgd med at Sjøfartsdirektoratet kjem med konkrete framlegg til tiltak for å redusere utslepp og negativ påverknad på miljøet i verdsarvfjordane.

- Krav om at skip skal ha eit NOx-utslepp som ikkje overstig verdiane gjeve i MARPOL Vedlegg VI, regel 13.4 (Tier II) innan 2018, og regel 13.5 (Tier III) innan 2020.
- Berre løyve til bruk av drivstoff med lågt svovelinnhald, uavhengig av om skip har rensesystem (scrubber) eller ikkje.
- Synleg utslepp frå skip skal ikkje ha tettleik som reduserer gjennomsiktigheita med meir enn 50 % under kaldstart eller 10 % under seglas.
- Rapporteringskrav vert innført for alle skip som går inn verdsarvfjordane.
- Redusere talet på skipsanløp totalt eller per dag/veke.
- Fastsetjing av maksimale hastigheiter i definerte soner i fjordane for å halde forbruket av drivstoff og utslepp til eit minimum.
- Forbod mot utslepp av scrubbervatn
- Forbod mot utslepp av gråvatn
- Forbod mot utslepp av kloakk, urensa og rensa.

Rådet ynskjer at flest mogleg av desse tiltaka vert sette i verk snarast mogleg. Samstundes er det viktig at alle tiltak vert føreseielege, og at næringa har rimeleg tid til omstilling. Det må likevel ikkje vere tvil om at vi må få ei meir berekraftig forvaltning av verdsarvfjordane, og at det må setjast press for å få ei grønare utvikling. Verdsarvrådet minner om at fjordane våre står på UNESCOs verdsarvliste som eit av dei vakraste områda i verda. Då må ivaretakinga stå i stil med verdiane!

Ein annan viktig del av arbeidet har vore å få kartlagt alle organa som har eit ansvar for forvaltninga av verdsarvfjordane. Verdsarvrådet har tidlegare peika på at forvaltninga er fragmentert og uoversikteleg, og vi saknar eit forvaltingsorgan med total oversikt og mynde til å iverksetje tiltak ut frå eit heilskapsperspektiv.

På grunnlag av kartlegginga, skriv Sjøfartsdirektoratet at dei meiner forvaltninga av verdsarvområda hadde vore tent med at all forvaltning vart samla i eitt organ med ei overordna avgjerdsmynde.

Verdsarvrådet helsar ei slik løysing velkomen, men understrekar at eit nytt forvaltingsregime minimum bør liggje på regionalt nivå, i alle høve fram til systemet er godt etablert.

Rådet har høge forventingar til at vi vidare skal nærme oss statsparten sin ambisjon for verdsarvområda: «Norske verdsarvområde skal utviklast som fyrstårn for den beste praksisen innanfor natur- og kulturminneforvaltninga» (St.meld. 35). Verdsarvrådet forventar at Miljødirektoratet framover tek ei tydlegare rolle i denne saka, og at Klima og miljødepartementet tek ei leiande rolle for å få god framdrift. Vi må stå samla for å oppnå ei klar forbetring av forvaltninga av verdsarvfjordane, i tråd med ambisjonane hjå statsparten.

Hans Erik Ringkjøb

*Leiar i Verdsarvrådet, ordførar i Voss
Mobil: 971 38 720*

Jan Ove Tryggestad

*Nestleiar i Verdsarvrådet, ordførar i Stranda
Mobil: 464 11 001*

Kontaktinfo Verdsarvsekretariatet:

Sekretariat Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap/Sekretariat Nærøyfjordområdet:
Erling Oppheim, Tlf: 95 17 25 95, Epost: erling@naroyfjorden.no

Sekretariat Geirangerfjordområdet:

Merete L. Rønneberg, Tlf: 95 42 73 90, Epost: merete@verdsarvfjord.no

